

Inn i ny epoke

Gamlebanken i Norheimsund har vore brukt til kulturføremål ei tid, men no går fyrstehøgda inn ei ny epoke som kunst- og kultursenter i miniformat.

|side 3

Opna Nav Kvam

Fredag vart Nav Kvam opna, som eit av dei ti første Nav-kontora i Hordaland. Det nye arbeids- og velferdskontoret går spanande tider i møte.

|side 7

Fekk nok

Heradsstyrerepresentantane Thale Valland (biletet) og Kjell Arne Fløte meldte seg føre veke ut av Høgre. Dei partilause seier dei har fått nok av politisk spel og heksejakt.

|side 4



Har stor nytte av nytt tilbygg

Produksjonen ved Lid Jarnindustri AS går så det susar om dagen, og det går mot ny omsetnadsrekord. Verksemda har allereie hatt stor nytte av det nye tilbygget som vart teke i bruk i haust.

|side 8



Press: – Det har vore svært høgt produksjonspress den siste tida, seier marknadssjef Dag Rune Lid.

Foto: Lars A. Oma

Kjærkome tilbygg i Steinsdalen

Lid Jarnindustri AS tok i bruk det nye tilbygget i haust. Det kom godt med.

LARS ARVID OMA

Produksjonen går så det susar og det trengst mykje golvplass. Den mekaniske verksemda i Steinsdalen hadde ei rekordomsetjing på 63,5 millionar kroner i fjor, og i følge marknadssjef Dag Rune Lid vert det ny rekord i år.

– Me ligg an til ein auke på 20 prosent. Slik markaden er no, har det vore heilt naudsynt å utvida med ny lager- og monteringshall. 2.400 nye kvadratmeter giev oss betre gjennomstrøyming i produksjonen, seier Lid.

13.000 kvadrat

Det har vore planar om ein ny hall i fleire år, men i fjor haust vart arbeidet sett i gang. No står det att berre små detaljar før investeringa på 15 millionar er fullførð.

– Me investerer jamt og trutt for å vera effektive og oppdaterte teknisk. Akkurat no har me fire personar på den store Sima-utstillinga i Frankrike for å sjå på nyt produksjonsutstyr, fortel Lid.

Lid Jarnindustri AS har no ei



Monterer: Den nye hallen vert brukt til både montering og lagring. Her er montør Svein Hovland i gang med å setja saman nye snøfresarar.

total golvflate på rundt 13.000 kvadratmeter på hovudplanet, pluss kontorfløya i 2. høgda.

Anlegget er utvikla med tanke på serieproduksjon og effektiv intern transport. Det nye tilbygget fjernar flaskehalsar i produksjonslinia og opnar for betre mellomla-

ger.

Produksjonspress

Verksemda satsar på utanlandske marknader, men har mått halda låg profil det siste året grunna det høge produksjonspresset.

– Sjølv om produksjonen går

tysk kunde som ville ha oss til å produsera 250 store vedmaskiner, seier Lid.

Han er glad for at snøen ikkje er komen for alvor enno, slik at verksemda har høve til å bygga opp eit lager med snøfresarar. Om fjorten dagar er ho å jour.

– Det er viktig å ha eit lager. Folk har det travelt og vil helst ha varene leverte i går.

Nei til utflagging

– Men denne høgkonjunkturen vil vel ikke halda seg?

– Nei, det er me fullt klare over. Difor er det viktig å vera på høgget heile tida, og utvikla nye og attraktive produkt. Markaden er svært kvalitetsmedviten, og krava til kompetanse, maskinering og omstillingsevne er avgjerande.

– *De fekk fleire tilbod om utflagging til Aust-Europa for nokre år sidan. Var det rett å seia nei?*

– Me vurderte utflagging av produksjonen, men ser no at det var rett å satsa lokalt, seier Lid.

Talet på fast tilsette er 55, og har ikkje auka dei siste åra. Verksemda leiger arbeidskraft når produksjonen krev det.

under høgtrykk, har me problem med å halda leveringstida som følgje av den store etterspurnaden. Me kan heller ikkje lova meir enn me klarar å halda. Dei faste kundane må kunna stola på at me er leveringsdyktige. Det er ikkje lengre sidan me måtte seia nei til ein